



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
20/19	Eldrerådet	04.09.2019
43/19	Levekårsutvalet	28.08.2019
43/19	Næring- og miljøutvalet	27.08.2019
103/19	Formannskapet	11.09.2019
45/19	Kommunestyret	19.09.2019
17/19	Råd for menneske med nedsatt funksjonevne	04.09.2019

### Revisjon av reglement for politiske utval og godtgjersle til folkevalde

#### Samandrag:

I juni, sak PS 96/19, vedtok formannskapet at reglementa for dei politiske utvala og reglementet for godtgjersle til dei folkevalde skal reviderast.

Ny kommunelov vil tre i kraft frå det konstituerande kommunestyremøtet i haust. Det betyr at reglementa vi har i dag ikkje er oppdaterte med tanke på lovparagrafene det blir vist til, og i nokon tilfeller kva regler som gjeld.

#### Kommunestyret 19.09.2019:

#### Behandling:

Følgjande poeng vert med i vidare handsaming, foreslått av Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune

Følgjande poeng vert med i vidare handsaming:

1. Under avsnitta om gildskap: «Før spørsmålet vert avgjort, bør varafolk kallast inn til å møte og ta del i avgjerda.»
2. Under avsnitta om protokolltilførsel: «Skriftlege spørsmål som vert stilt i møte i kommunale råd og utval, og som er sendt til leiaren i god tid før møte, skal svarast på skriftleg, og spørsmål og svar skal protokollførast. Munnlege spørsmål og svar gjeve i møte, som har betydning for saka som drøftast, skal også protokollførast.» Delsetninga «men er ikkje meint å brukast i tide og utide.» går ut.
3. Under avsnitta om protokolltilførsel må ein også finna ei løysing på at fleirtalet framleis kan røyste mot ein protokolltilførsel

Endringsforslag til forskrift om godtgjersle til politisk valde medlemmar i styre, foreslått av Bernt Brandal, Folkelista for Hareid kommune

Forslag til vedtak – endring med raud skrift:

**FORSKRIFT XX. MÅNAD ÅR OM GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE I HAREID**

## KOMMUNE OG POLITISK VALDE STYREMEDLEMER FOR HAREID KOMMUNE

### §1 KVEN ER OMFATTA AV FORSKRIFTA

Forskrifta gjeld for kommunale folkevalde og politisk valde personar i Hareid kommune. Som folkevald vert rekna medlemmer av kommunestyret, formannskap, alle faste utval og komitear etter §§ 5-1 og 5-2i kommunelova og lovpålagte råd og utval. Som politisk vald vert rekna medlemmer i ulike styre der kommunen skal ha representasjon. Reglane gjeld og varamedlemar når dei gjer teneste som folkevald eller styremedlem.

#### Generelt

Godtgjersle til politisk valde personar blir sett inn i tabellen som gjeld for ulike politiske utval. Ein kan ha ulike satsar tilpassa arbeidsmengda i dei ulike styra.

Endringsforslag til forskrift om godtgjersle frå Kjetil Nettet, foreslått av Kjetil Nettet, Folkelista for Hareid kommune

Endring i forskrift om godtgjersle § 4.1:

"Samla godtgjersle til ordførar/varaordførar er sett ti 9,5 G

Fordeling mellom ordførar og varaordførar skal høvesvis vere 8,5 G og 1 G"

Fyrst blei det røysta over tilrådinga frå formannskapet med endringar - samrøystes vedteke.

So blei det røysta over Fuglseth sine endringsforslag kvar for seg:

1. Samrøystes vedteke
2. Vedteke mot 9 røyster
3. Samrøystes vedteke

Forslag frå Bernt Brandal om å inkludere politisk valde styremedlemmer i forskrifta - forslaget fall mot 13 røyster

Endringsforslag frå Kjetil Nettet om at samla godtgjersle til ordførar og varaordførar skal vere "inntil 9,5 G". - Samrøystes vedteke

#### **KST- 45/19 Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek reglementa for dei politiske utvala som dei ligg føre.
2. Kommunestyret vedtek å sende ut «Forskrift om godtgjersle for folkevalde i Hareid kommune» slik ho ligg føre, på høyring med høyringsfrist 20. oktober 2019, med følgande endringar i paragraf 4.1:

"Samla godtgjersle til ordførar/varaordførar er sett ti 9,5 G

Fordeling mellom ordførar og varaordførar skal høvesvis vere 8,5 G og 1 G"

3. Kommunestyret ber administrasjonen ved politisk sekretariat om å utarbeide eitt felles reglement for alle folkevalde og folkevalde organ i Hareid kommune som skal leggst fram for kommunestyret fyrste halvår 2020.

Følgjande poeng vert med i vidare handsaming:

1. Under avsnitta om gildskap: «Før spørsmålet vert avgjort, bør varafolk kallast inn til å møte og ta del i avgjerda.»
2. Under avsnitta om protokolltilførsel: «Skriftlege spørsmål som vert stilt i møte i kommunale råd og utval, og som er sendt til leiaren i god tid før møte, skal svarast på skriftleg, og spørsmål og svar skal protokollførast. Munnlege spørsmål og svar gjeve i møte, som har betydning for saka som drøftast, skal også protokollførast.» Delsetninga «men er ikkje meint å brukast i tide og utide.» går ut.
3. Under avsnitta om protokolltilførsel må ein også finna ei løysing på at fleirtalet framleis kan røyste mot ein protokolltilførsel

## **Formannskapet 11.09.2019:**

### **Behandling:**

Nytt framlegg pkt 21, foreslått av Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune

#### **21 PROTOKOLLTILFØRSEL (nytt forslag):**

Dersom ein medlem ønskjer protokollførrel av drøftinga i ei sak, må dette fremjast straks etter at vedtaket er gjort. Dersom meir enn to medlemmar i utvalet ønske protokollførrel skal den godkjennast innført i møteboka. Protokolltilførrel skal være eit verkemiddel for mindretalet til å klargjere eit avvikande syn i viktige saker.

Rådmannen kan også fremje protokollførrel når han meiner vedtaket eller deler av det er lovstridig, eller når det ikkje er mogleg å oppfylle krava om forsvarleg sakshandsaming i samsvar med Kommunelova § 23 Skriftlege spørsmål som vert stilt i møte i kommunale råd og utval, og som er sendt til leiaren i god tid før møte, skal svarast på skriftleg, og spørsmål og svar skal protokollførast.

Muntlege spørsmål og svar gitt i møte, som har betydning for saka som drøftast, skal også protokollførast.

Nytt framlegg pkt 10, foreslått av Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune  
**10. REKKEFØLGJA FOR HANDSAMING AV SAKENE. SAKER SOM IKKJE ER NEMNDE I INNKALLINGA**

Godkjenning av innkalling og saksliste, herunder eventuelle tilleggssaker, spørsmål om forfall og prosessuelle forhold etc. skal handsamast først. Deretter skal godkjenning av møteboka frå førre møte handsamast. Så skal referatsaker og nye framlagde dokument refererast. Sakene som står på sakslista skal handsamast i den rekkefølge dei er sette opp. Levekårsutvalet kan vedta ei anna rekkefølge. Spørsmål om nokon er ugild, vert å handsame i tilknytning til den einskilde saka og rett før handsaminga av saka tek til.

(Nytt avsnitt): Levekårsutvalet kan også gjere vedtak i ei sak som ikkje er ført opp på sakslista dersom eit fleirtal av dei møtande medlemmene går inn for det.

Levekårsutvalet kan gjere vedtak dersom minst halvparten av medlemmane har vore tilstades under handsaminga og røysta i vedkomande sak, jfr, Kommunelova § 33.

Nytt framlegg godtgjerdslø, foreslått av Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune  
§4.1 i forskrift om godtgjerdslø blir endra til følgande tekst:

Samla godtgjerdslø til ordførar/varaordførar er sett til inntil 10,5 G

Fordelinga mellom ordførar og varaordførar skal vere høvesvis 8,5 G og 2 G

Kristian Fuglseth trakk forslaga om endring i reglementet slik at dei kan

kvalitetssjekkast og heller bli innarbeida i eit felles reglement som skal utarbeidast til våren, jf siste punkt i tilrådinga.

Tilrådinga frå forhandlingsutvalet blei samøystes vedteke.

Endringsforsaget frå Kristian Fuglseth (Foha) om endring av godtgjersle for ordførar varaordførar blei vedteke med 4 røyster.

#### **FSK- 103/19 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek reglementa for dei politiske utvala som dei ligg føre.

Kommunestyret vedtek å sende ut «Forskrift om godtgjersle for folkevalde i Hareid kommune» slik ho ligg føre, på høyring med høyringsfrist 20. oktober 2019, med følgande endring:

§4.1 i Forskrift om godtgjersle blir endra til følgande tekst:

Samla godtgjersle til ordførar/varaordførar er sett til inntil 10,5 G

Fordelinga mellom ordførar og varaordførar skal vere høvesvis 8,5 G og 2 G

Kommunestyret ber administrasjonen ved politisk sekretariat om å utarbeide eitt felles reglement for alle folkevalde og folkevalde organ i Hareid kommune som skal leggast fram for kommunestyret fyrste halvår 2020.

#### **Forhandlingsutvalet si tilråding:**

Kommunestyret vedtek reglementa for dei politiske utvala som dei ligg føre.

Kommunestyret vedtek å sende ut «Forskrift om godtgjersle for folkevalde i Hareid kommune» slik ho ligg føre, på høyring med høyringsfrist 20. oktober 2019.

Kommunestyret ber administrasjonen ved politisk sekretariat om å utarbeide eitt felles reglement for alle folkevalde og folkevalde organ i Hareid kommune som skal leggast fram for kommunestyret fyrste halvår 2020.

**Vedlegg:**

Arbeidsdokument politisk reglement og godtgjersle Hareid kommune  
Arbeidsdokument Hareid godtgjersler politikarar  
Arbeidsdokument reglement administrasjonsutvalet  
Arbeidsdokument reglement FSK  
arbeidsdokument reglement KST  
Arbeidsdokument reglement Råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Gjeldande reglement for folkevalde organ i Hareid kommune per august 2019  
Hareid Reglement for administrasjonsutvalet  
Hareid Reglement for formannskapet  
Hareid Reglement for levekårsutvalet  
Hareid Reglement for nærings- og miljøutvalet nov. 2012\_godkjent  
Hareid Reglement Kommunestyret  
Hareid Retningslinjer for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Andre relevante dokument:**

Gjeldande reglement for folkevalde organ i Hareid kommune per august 2019  
Arbeidsdokument politisk reglement og godtgjersle Hareid kommune

**Saksopplysningar:**

Revisjonen av reglementa har bakgrunn i vedtak i formannskapet i sak 96/19. Det er ønskeleg med ein revisjon av reglementet både fordi det er lenge sidan sist det blei revidert og at ny kommunelov trer i kraft frå det konstituerande kommunestyremøtet 24. oktober i år.

**Reglement**

Det har vore eit ønske om å utarbeide eitt felles reglement for dei folkevalde og dei folkevalde organa i Hareid kommune. På grunn av tidspress har det ikkje vore mogleg. Dei forslaga som no ligg føre, er derfor i stor grad ei vidareføring av dagens reglement. Revisjonen går fyrst og fremst på å tilpasse reglementa til ny kommunelov. Det betyr at alle paragrafer som reglementa syner til, no vil peike til rett lovtekst.

I tillegg til jamnføring med ny lov, er det også gjort enkelte presiseringar, utdjupingar i tillegg til kosmetiske endringar.

Her kjem ei oppstilling av dei viktigaste endringane:

- Alle utval:
  - Rådmannen har fått forslagsrett i alle folkevalde organ, i saker der organet skal fatte endeleg vedtak. I dag har rådmannen, ifølgje reglementa, berre forslagsrett i kommunestyret. Det vil vere naturleg at denne moglegheita følgjer statusen på saka og ikkje organet – skal det takast endeleg beslutning i ein sak, kan rådmannen legge fram forslag i møtet – i staden for/i tillegg til den opphavelige tilrådinga.
  - Røysting: Det skal nå gå fram av protokollen kven som røysta kva i ein sak – ikkje berre røyster for og imot. Lovteksten er om lag som før, men det er presisert i forarbeidet at ein skal tolke teksten som nemnd over.
  - Møteportalen er tatt inn i reglementet med tanke på utsending av innkalling, sakspapir og framlegg til vedtak
  - Medlemmer som kjem til eit møte der dei allereie er representert av ein vara, kan ikkje ta plass i møtet før saka som handsamast er ferdig handsama.
  - Reglementet for kommunestyret har fått eit eige punkt som seier at

desse reglane også skal gjelde andre utval so langt det er naturleg (med enkelte unntak).

- Levekårsutvalet og Nærings- og miljøutvalet
  - I dag har desse utvala kvart sitt reglement. Det einaste som skil dei er ansvarsområde. Desse utvala får dermed felles reglement, der ansvarsområda er skrivne inn i eige kapittel
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
  - Tydeleggjort at dei skal medvirke i alle saker som gjeld gruppa – ikkje berre «særleg viktige» saker.
  - Tidspunktet for når rådet skal involverast er også skjerpa. I gjeldande reglement står det at saker skal leggast fram i «god tid». I ny forskrift står det at rådet skal få saker på eit so tidleg tidspunkt i sakshandsaminga at dei har moglegheit til på påverke det endeleg vedtaket. Denne formuleringa er tatt inn i nytt reglement.
  - Det vil vere naturleg at reglementet for RFU også skal gjelde Eldrerådet og Ungdomsrådet, bortsett frå ansvarsområde, samansetning og val. Arbeidet til utvala er regulert i ein felles forskrift.

## Godtgjersle

Ny kommunelov seier at kommunestyret sjølv skal gi forskrift om godtgjersle og dekning av utgifter, tapt arbeidsinntekt og arbeidsgodtgjersle.

Det inneber ein del formalkrav. Mellom anna må ei forskrift må på høyring. Det er kommunestyret sjølv som må vedta at forskrifta skal på høyring. Sidan denne forskrifta har avgrensa omfang – og stort sett er ei vidareføring av gjeldande praksis, ser vi det slik at det ikkje er naudsynt med 3 månaders høyringsfrist som er normalen.

Høyringa skal kunngjerast i Vikebladet Vestposten og på kommunen si heimeside. Høyringsfristen blir satt til 20. oktober 2019. Ny forskrift kan då endeleg vedtas av det nyvalde kommunestyret i oktober.

Viktigaste endringane i ny forskrift samanlikna med dagens reglement:

- Alle beløp er oppgitt i G – grunnbeløpet i folketrygden (for tida 99.858 kr). Ein har vurdert andre nøklar, til dømes stortingsløna – som fleire andre kommunar nyttar. Valet falt likevel på G-regulering. Det er god kutyme at folkevalde si godtgjersle blir regulert i takt med til dømes pensjonsutbetalingane.
- Samla godtgjersle til ordførar/varaordførar er satt ned frå 10,41 G til 9,5 G (nedgangen på 0,9 G tilsvarer for tida om lag 90.000 kroner). Det er likevel noko meir enn samla godtgjersle noverande ordførar og varaordførar har hatt praksis for.
- Det er sett eit tak på refusjon av dokumentert tapt arbeidstintekt på 0,025 G som i dag tilsvarer om lag 2500 kroner.
- Telefongodtgjersle: varaordførar får ikkje kommunal telefon. Utvalsleiarar får lenger telefongodtgjersle. Utvalsleiarar får i staden eit påslag på leiargodtgjersla på 0,03 G.
- Ein har gått ned til fire godtgjerslesatsar i staden for seks. For å unngå at forskrifta må endrast om det blir gjort endringar i den politiske strukturen i kommunen, er det også lagt inn punkt som regulerer korleis ein skal plassere inn folkevalde organ ved omorganisering eller når ein opprettar nye organ.

## **Vidare arbeid**

Det må vere eit mål at kommunen får eitt felles reglement for alle folkevalde og folkevalde organ. I dag har vi eit reglement per utval, der det ofte berre er nyanser eller enkeltavsnitt som er forskjellige. Eit felles reglement vil gjere det lettare for folkevalde, administrasjon og innbyggjarar å sjå kva regler som gjeld

Eit felles reglement kan byggast opp slik at ein fyrst tar med alt det som gjeld alle folkevalde/folkevalde organ og i eigne kapittel utdjuper for kvart organ viss det er andre reglar som gjeld for dette organet.

I dette reglementet bør det leggst inn for kvart organ kva godtgjerslenivå utvalet skal ligge på (jfr forslag til forskrift om godtgjersle for folkevalde)

Det er eit omfattande arbeid å samanfatte alle reglementa. Planen er at fyrste halvår 2020 kan nyttast til ein slik prosess og at eit forslag til felles reglement kan leggst fram for kommunestyret til sommaren.

## **Vurdering og konklusjon:**

Endringane i reglementa og godtgjersle er avgrensa. Det vil dermed ikkje ha store konsekvenser å seie ja til forslaga. Ideelt sett skulle ein ha hatt eitt felles reglement for alle folkevalde og folkevalde organ allereie no, men det var det dessverre ikkje tid til frå vedtaket i formannskapet i juni og fram til no.

Det var likevel naudsynt å gjere endringane no, slik at nytt kommunestyre har eit reglement som er oppdatert med tanke på ny kommunelov. Den trer i kraft frå det konstituerande kommunestyret – planlagt til 24. oktober.

Det bør vere eit mål for kommunestyret at det blir utarbeida eitt felles reglement fyrste halvår 2020.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: I følge ny forskrift om godtgjersle vil folkevalde i enkelte utval få om lag 100 kroner ekstra i møtegodtgjersle enn i dag. Ordførar/varaordførar si godtgjersle er også justert noko opp, samanlikna med dagens praksis. Samanlikna med dagens reglement er det likevel ein nedjustering med 0,9 G – om lag 90.000 kroner.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

rådmann

leiar servicetorg og politisk sekretariat